



Byrådssak /20

Saksframstilling

Vår referanse: 2020/54233-1

Oppstartsak: Plan for museum og kulturvern

Kva saka gjeld:

Gjeldande plan på feltet, Plan for Arkiv, Bibliotek og Museer i Bergen 2012-2021 (ABM-plan), går ut neste år. ABM-feltet er med bakgrunn i statlege føringar vedteke splitta opp. I samsvar med Planstrategi for Bergen 2019-2023, som er under politisk handsaming, vil det difor framover bli laga tre sidestilte planar for desse felta. Saka handlar om planoppstart for plan for museum og kulturvern for Bergen, for perioden 2022-2031.

Byråden si vurdering og tilråding/konklusjon:

Byråden ser med glede på at kommunen skal få ein oppdatert plan for museum og kulturvern som er i tråd med tida vi lever i. Musea er viktige institusjonar i samfunnet, og har potensiale til å nå ut til eit endå større og meir mangfaldig publikum med si kunnskap og evne til formidling. Fokus på berekraft, klima og natur er viktige felt for museum og kulturvern både på grunn av dei utfordringane som eit klima i endring har for vern av historiske bygningar og landskap, men også fordi det er gjennom djup kjennskap til fortida at samfunnet blir best rusta til å skape nye, berekraftige løysingar for framtida. Derfor vil tema som musea og kulturvernfeltet si samfunnsrolle, deltaking og mangfald, og berekraft og klima, vere sentrale i planarbeidet.

Med bakgrunn i saksutgreiinga, og i tråd med kommunens planstrategi, vil byråden tilrå at planarbeidet kan startast opp.

Vedtakskompetanse:

Byrådet sine fullmakter (vedteke i bystyret i sak 236-16 og sak 30/19), § 2.4 Driftsansvar: Byrådet har ansvar og myndigheit til å stå for den løpande drifta av kommunen si verksemd, herunder å ta avgjerd i igangsetting av planarbeid i kommunen sin regi, jamfør gjeldande planinstruks, byrådssak 1034/20.

Byråd for kultur, mangfald og likestilling innstiller til byrådet å fatte følgjande vedtak:

1. Det skal startast opp arbeid med plan for museum og kulturvern for Bergen 2022-2031.
2. Melding om vedtak skal sendast bystyrets kontor og sekretariata for Kommunalt råd for personar med funksjonsnedsettingar, Eldrerådet og Ungdomsrådet.

Dato: 25. august 2020

Katrine Nødtvedt
Byråd for kultur, mangfold og likestilling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Saksframstilling:

Gjeldande plan på feltet, Plan for Arkiv, Bibliotek og Museer i Bergen 2012-2021 (ABM-plan), går ut neste år. ABM-feltet er med bakgrunn i statlege føringar vedteke splitta opp. I samsvar med Planstrategi for Bergen 2019-2023, som er under politisk handsaming, vil det difor framover bli laga tre sidestilte planar for desse felta. Saka handlar om oppstart av arbeidet med plan for museum og kulturvern.

Samfunnsplanlegging, planinstruks og kommunal planstrategi

Bystyret har i sak 226/19 Samfunnsplanlegging i Bergen kommune føreteke ein gjennomgang av plansystemet. Samfunnsplanlegginga er eit viktig grunnlag for byutvikling, tenesteutvikling, forvaltningsoppgåver, medverknad og samarbeid med statlege og regionale myndigheiter. Samfunnsplanlegginga er eit verkøy for politisk styring, og der kommuneplanen sin samfunnsdel og handlings- og økonomiplanen utgjør sentrale, styrande dokument.

Planinstruks

I byrådsak 1034/20 er instruks for samfunnsplanlegging i Bergen kommune (planinstruks) vedteke. Føremålet med instruksen er å sikre effektiv planlegging og gjennomføring av planarbeid, og som er i tråd med kommunen sitt plansystem. Instruksen legg til rette for intern og ekstern medverknad, og skal sikre at planar er forsvarleg utgreidde og at alle sider er opplyst.

Planinstruksen set krav til korleis arbeidet skal organiserast, samt form og innhald i planane. Instruksen er strukturert etter dei mest sentrale stega i kommunen sine planprosessar: førearbeid og formell oppstart, utgreiing, intern og ekstern medverknad, forelegging og høyring, vedtak av plan og etterarbeid. Planar skal skrivast i klart språk, vere tilpassa publisering på nett og utforma i tråd med forskrift om universell utforming av IKT-løysingar. Det er eit mål for kommunen at begge målformer skal vere synlege i Bergen, og det vert oppfordra til å utarbeide fleire planar på nynorsk.

I samfunnsplanlegging som ikkje føl prosesskrava i plan- og bygningslova vil dokument med tilhøyrande prosessar utvikle strategiar og tiltak som grunnlag for endeleg prioritering i økonomiplan og oppfølging i verksemdsplanar. Tematiske planar skal halde seg til gjeldande samfunnsdel, samt andre planar som heilt eller delvis overlappar plantemaet.

Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er eit lovbestemt arbeid etter plan- og bygningslova (PBL § 10-1). Bystyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter at det er konstituert, vedta ein kommunal planstrategi. I planstrategien skal planbehovet i bystyreperioden vurderast, basert på nye politikk- og utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon. Kommunal planstrategi for perioden 2019-2023 er førebels ikkje vedteken.

Plan for museum og kulturvern

Plan for museum og kulturvern vil bli lagt opp som ein temaplan, og som skal gje politisk retning for utviklinga av tenesteområdet og særskilte samfunnstema. Temaplan er det mest omfattande planverktøyet og skal ha både mål, strategiar og tiltak. Temaplanen kan og ha visjon og/eller satsingsområde. Denne plantypen vil, gjennom å definere konkrete tiltak, i større grad enn til dømes strategiane kunne brukast meir direkte i arbeidet med dei årlege handlings- og økonomiplanane.

Plansystemet koplar funksjonen til m.a. temaplanane tydelegare til Kommuneplanens samfunnsdel og mot Handlings- og økonomiplan. Plan for museum og kulturvern vil gjelde i ti år og ha verknad frå 2022.

Organisering av planarbeidet

Planarbeidet er tenkt organisert ved at det blir oppretta ei plangruppe i Byrådsavdeling for kultur, mangfald og likestilling v/Fagavdeling for kunst- og kulturutvikling. Fagavdelinga vil leie arbeidet og stå ansvarleg for utarbeiding av planen.

Prosess for medverknad

I starten av planprosessen vil plangruppa invitere til eit innspelsmøte. Møtet vil vere ope for alle. I tillegg vil einiske grupper bli direkte invitert. Dette kan vere museums- og frivillige kulturvernaktørar, andre forvaltningsnivå og byrådsavdelingar, Kommunalt råd for personar med funksjonsnedsettingar, Eldrerådet, Ungdomsrådet m.v. Fleire av desse vil kunne bli utfordra til å delta med innlegg og/eller delta i plenumsdebatt o.l. Innspelsmøtet vil ta utgangspunkt i dei retningsvala for tematisk innhald som denne saka legg opp til. I etterkant av møta vert det opna for skriftlege innspel til planarbeidet. Frist vil bli kunngjort. Innkomne innspel vil kunne danne grunnlag for mindre justeringar knytt til val av tema for planen.

Andre byrådsavdelingar vil bli rådført i arbeidet med museumsplanen etter behov. Konkret kan involvering skje gjennom at representantar frå andre byrådsavdelingar deltek i møter når relevante tema blir tekne opp. I slike møte kan også aktørar frå museums- og kulturvernfeltet, frå andre forvaltningsnivå og dei kommunale råda vere inviterte. Konkrete problemstillingar vil som hovudprinsipp bli sendt ut på førehand.

Plangruppa vil parallelt med møteseriane drive med kunnskapsinnhenting. Dette så vel frå inn- og utland som frå aktørane sjølv. Dette er nærare omtalt under byråden si vurdering og tilråding/konklusjon.

Tentativ framdriftsplan

Etter handsaming av denne oppstartssaka i byrådet er det planlagt eit oppstarts- og innspelsseminar hausten 2020 samt ein del avklaringsmøter. Frist for innspel til planarbeidet vil vere rundt 1.12. Starten på 2021 vil gå med til oppsummeringar og skriving av sjølv planutkastet. Det blir lagt opp til politisk handsaming av planutkastet i byrådet utpå vårparten, og med påfølgjande offentleg høyring med høyringsfrist medio juni. Den ferdige planen er venta klar for endeleg politisk handsaming i bystyret hausten 2021.

Oppstartsfase			Innspelfase			Politisk behandlingsfase		Høyringsfase		Politisk behandlingsfase
2020						2021				
juli	aug	sep	okt	nov	des	jan-mars	apr	mai-juni	juli-aug	sept/okt
Utforme forslag til planprogram		Oppstarts-sak i byråd	Oppstarts- og innspel-seminar	Avklaringsmøter	Frist for innspel til planarbeidet	Bearbeiding. Planutkast blir sendt til politisk behandling	Politisk behandling	Frist for høyring på planutkastet	Bearbeiding	Ferdig utarbeidd plan til politisk behandling

Innhald i planen

Plan for museum og kulturvern vil ha eitt felles sett med overordna mål og strategiar for heile feltet. Hovudfokus vil bli retta mot det samla feltet sitt samfunnsansvar, mangfaldsdimensjonen og berekraft/klima.

Vidare er det lagt opp til at planen vil ha to hovudkapittel: eitt om det profesjonelle museumsfeltet og eitt om dei frivillige kulturvernorganisasjonane. Naturlege kryssingspunkt vil bli drøfta.

Planarbeidet er forankra i planstrategi for Bergen 2019-2023, som no er under politisk handsaming. Plan for museum og kulturvern vil vere ein temaplan. Planen skal gje politisk retning for utviklinga av tenesteområdet og særskilte samfunnstema, og skal ha både mål, strategi og tiltak. Plan for museum og kulturvern vil vere tydeleg kopla til Kommuneplanens samfunnsdel og nyttast i samband med årleg utarbeiding av Handlings- og økonomiplan. Planen vil gjelde i ti år og ha verknad frå 2022.

Fagavdeling for kunst- og kulturutvikling i Byrådsavdeling for kultur, mangfald og likestilling vil leie arbeidet og stå ansvarleg for utarbeiding av planen. I starten av planprosessen vil plangruppa invitere breitt inn til oppstarts- og innspelsseminar, samt invitere til andre møte og dialog med grupperingar plangruppa finn naudsynt. Konkrete problemstillingar vil som hovudprinsipp bli sendt ut på førehand.

Plangruppa vil parallelt med møteseriane drive med kunnskapsinnhenting. Dette så vel frå inn- og utland som frå aktørane sjølve. Den tentative framdriftsplanen syner at ny museumsplan kan gå til politisk slutthandsaming hausten 2021.

Plan for museum og kulturvern vil ha eitt felles sett med overordna mål og strategiar for heile feltet. Hovudfokus vil bli retta mot det samla feltet sitt samfunnsansvar, mangfaldsdimensjonen og berekraft/klima.

Vidare vil planen ha to hovudkapittel: eitt om det profesjonelle museumsfeltet og eitt om dei frivillige kulturvernorganisasjonane. Naturlege kryssingspunkt vil bli drøfta.

Delkapittel 1) Det profesjonelle museumsfeltet vil vere avgrensa til dei konsoliderte musea i Bergen. Her vil status bli belyst gjennom spørsmål som: Kva ansvar har dei? Kor mange tilsette? Talet på besøkande? Økonomiske forhold og andre rammevilkår. Nyare forskning på feltet vil bli omtalt.

Overordna tema vil vere a) Musea si samfunnsrolle og -ansvar b) Mangfald og auka deltaking i musea c) Utstillingskritikk og synlegheit d) Organisasjonsstruktur, tematisk inndeling og nettverk og e) Berekraft og klima.

Underkategoriar i dette kapittelet vil vere dei fire f-ane (forskning, samlingsforvaltning, formidling, fornying), herunder planar for avhending av gjenstandar, digitalisering av samlingar, mot publikum m.v. Andre underkategoriar vil vere musea og frivilligheita - status og utfordringar, publikumsutvikling og turismefokus kontra lokalbefolkningsfokus, ytringsmangfald i musea, demokrati, forholdet til andre kunnskapsinstitusjonar, nye nettverk og samarbeid. Under berekraft og klima vil m.a. utfordringar i bygnings- og fartøyvernet bli omtalt og særlig vil bygningsvernet bli vektlagt også med hensyn til plassering av ansvar for dette området.

Delkapittel 2) vil omhandle dei frivillige kulturvernorganisasjonane i kommunen. Det vil bli reflektert rundt spørsmål som: Kven er dei frivillige? Er det vekst eller utflating? Kva er rammevilkåra? Nyare forskning på feltet vil bli omtalt.

Overordna tema som vil bli belyst er a) Det frivillige feltet si samfunnsrolle og -ansvar b) Mangfald og auka deltaking i dei frivillige kulturvernorganisasjonane og c) Berekraft og klima.

Underkategoriar i dette kapittelet vil m.a. vere: kulturhistoriske samlingar i frivillige sitt eige, formidling, digitalisering, korleis kompetanseoverføring skjer m.v. Det vil bli sett på rekruttering av frivillige, om organisasjonane er synlege, og om status for publikumsutvikling. Samhandling og rolleavklaring i forholdet mellom dei frivillige og ansvarsmusea vil også bli omtalt. Under berekraft/klima vil m.a. festivalar med kulturhistorisk tema samt rullande og flytande kulturminne bli omtalt.

Plan for museum og kulturvern skal medverke til at økonomiske ressursar blir brukt der det er mest nødvendig for å oppretthalde aktivitet, men også at ressursane blir nytta på tiltaka med høgast kvalitet. I planprosessen vil det bli behov for å innhente erfaringar frå inn- og utland om korleis andre storbyar utformar museumspolitikken sin og kva kulturpolitiske grunngevingar som vert lagde til grunn. Det vil også vere behov for å innhente erfaringar frå m.a. museumsaktørane og dei frivillige kulturvernorganisasjonane på sentrale spørsmål som planen skal belyse.

Planen skal sikre føreseielege rammer for feltet samla sett i planperioden, og vil måtte gjennomførast innanfor dei budsjettmessige rammene som til ei kvar tid gjeld. Føringane i museumsplanen skal vere i tråd med Kommuneplanen sin samfunnsdel og Byrådsplattformen. Vidare vil rammene for politiske premiss, slik dette er synleggjort i planar og meldingar for museumsfeltet i Norge og i Vestland, gjennom føringar frå Kulturrådet, ICOM osv, bli belyst. Avgrensingar og samanhengar til andre planar i Bergen kommune, som til Amatørkulturplan, Kulturarenaplan og Mangfaldsplanen (som under utforming), vil bli omtalt. Vidare vil ABM-plan 2012-2021 vil bli oppsummert. Her vil fokus vere: Kva er gjennomført? og kva gjenstår?

Økonomiske/administrative konsekvensar

Finansiering av tiltak i ny museumsplan vil bli vurdert/spelt inn i samband med den årlege rulleringa av Handlings- og økonomiplanen (HØP).